

Møteprotokoll

Kva:	Protokoll til møte nr. 04 i Langrennkomiteen, 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 20. november 2023, kl. 20:30-22:00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<p>REFERATSAKER</p> <p><i>SAK 24 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 25 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 02 23-25 i langrennkomiteen</i> <i>SAK 26 23-25 Godkjenning av referat fra Haustmøte 2023 LK</i></p> <p>RAPPORTERINGSSAKER</p> <p><i>SAK 27 23-25 Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023</i></p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER</p> <p><i>SAK 28 23-25 Smøreteam 2023-2024</i> <i>SAK 29 23-25 Oppfølging Haustmøte 2023</i> <i>SAK 30 23-25 Rekruttering</i></p> <p>EVENTUEL T</p>
Til stades:	Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra, Reidun Smørda-Hjelle, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	Tor Arne Hov
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 24 23-25 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehånd.

VEDTAK

Langrennkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 25 23-25 **Godkjenning av protokoll nr. 03 23-25 i langrennkomiteen**
Bakgrunn
Protokoll nr. 03 23-25 fra langrennkomiteen er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen ligg også vedlagt.

VEDTAK

Langrennkomiteen godkjenner protokoll nr. 03 23-25.
Oppfølgingssaker blir lagt til neste møte i LK.



SAK 26 23-25

Godkjenning av referat fra Haustmøte 2023 LK

Bakgrunn

Referat fra Haustmøte 2023 langrennskomiteen er lagt ved som eige vedlegg.

Kopi av innspel fra gruppearbeidet er også vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner referat fra Haustmøte 2023 LK.

RAPPORTERINGSSAKER

SAK 27 23-25

Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 03.11.2023 er lagt ved som eige vedlegg.
Rapporten vert presentert og gjennomgått i møtet.

Nøkkeltal pr. 03.11.2023:

Driftsinntekter LK: kr. 1 233 745,-

Driftskostnadar LK: kr. -1 235 767,-

Resultat: kr. -2 022,-

Eigenkapital LK pr. 31.12.2022: kr. 540 538

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 28 23-25

Smøreteam 2023-2024

Bakgrunn

Referat fra møte med smøreteam 18. oktober 2023:

«Saksliste:

- 1) Evaluering av smøreteam 2023 (HL, JR og SR)
- 2) Utfordringer med økonomi
- 3) Vegen vidare, med ulike alternativer
 - a) Som før - men endring iif økonomi og struktur
 - b) Foreldre smør ski for sine barn
 - c) Kjøpe smørehjelp fra leverandører på renn

Sak 1 - Evaluering

a) HL



- *vart litt overraska då ein ikkje hadde med smurning, men gjekk til innkjøp av festevoksserie fra Swix*
- *Fabrikk fungerte - men mange kunne ikkje nok*
- *Vore eigen evaluering av dette, og er beslutta at ein gjer nokre endringar til HL2024*
- *2 smørere på 9 løpere - heilt ok*

b) Jr.

- *Godt samkjørt i teamet*
- *Hektisk i perioder, spesielt mtp å sjå eigne ungar i sporet*
- *Avhengig av råd frå leverandører - hektisk med resultat seint*
- *3 smørere på 15 løpere - fungerer*

c) Sr

- *Godt samarbeid med Team Elon Vest*
- *Godt samarbeid med Agder og Rogaland*
- *2 smørere frå SF (1 på 2 helgar) - fungerer fint når ein samarbeider med A&R*

2) Økonomi

LK leiar la fram oversikt over økonomi til kvar helg (sjå vedlegg), og vi vart fort "einige" om at "dette går ikkje". Ein ser at ein mister kontrollen, og kjøper inn mykje produkt og utstyr. Dette må struktureraast på andre måtar, og grep som vart foreslått var:

- *Planlegge før sesong/helg med utstyr*
- *Bestemme seg for eit produkt/leverandør - som me brukar (det er små nyanser)*
- *Ein ansvarleg må holde i innkjøp og administreringen - og forholde seg til budsjett*

3) Smøre hjelp 2024

Teamet var veldig einig i at me ikkje kan halde fram i samme retning, men at me også bør ha eit smøreteam frå skikrinsen. Dette er grunnen til at mange er med, og utan denne støtta vil nok fleire falle fra.

Alle i teamet ønskjer å fortsette, og i tillegg vart Einar Tefre og Finn Årdal nevnt.



LK leiar innkaller til fysisk møte med smøreteam på Skei 6. november. Der vert også "nye" smører invitert. Alle tek med utstyr dei har (både lovleg og ulovleg), slik at me kan sortere, og skaffe oversikt over behov for innkjøp. Me vil då også jobbe med rutiner rundt innkjøp, reise, overnatting, etc. Håper adm.sjef også kan stille»

VEDTAK

Langrennskomiteen tek referat frå møte med smøreteam til orientering. Med bakgrunn i innspele frå Haustmøtet og SAK 3 i referat frå møte med smøreteam vert eit felles smøreopplegg for krinslaget vurdert som eit positivt tiltak, som LK ønskjer å halde fram med. Før LK gjer endeleg vedtak om smøreopplegg, ber ein smøreteamet, i lag med adm., lage til framlegg til organisering av smøreopplegg som vert presentert til LK.

LK leiar og adm. følgjer opp.

SAK 29 23-25

Oppfølging Haustmøte 2023

Bakgrunn

I samband med fellesdelen til Sogn og Fjordane Skikrins sitt haustmøte 2023 ønskjer skikrinsstyret innspele frå greinkomiteane på følgjande punkt:

- a) Klubbesøk for skiklubbutviklar
- b) Gåvemidlar frå Sparebanken Sogn og Fjordane (kr. 100 000,-)

I høve punkta gjorde Skikrinsstyret følgjande vedtak i SAK 32 23-25 i styremøte:

«Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) *Greinkomiteane følgjer opp klubbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarkssamlingar på tvers.*
- b) *Skikrinsstyret ønskjer innspele frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.»*

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande:

- a) SKU prioritera å følgje opp klubbar i regionen Sogn (eksempel Syril IL, IL Bjørn og ÅTIL/Jotun IL), i tillegg til å følgje opp EID IL.
- b) Innspele frå langrennskomiteen er utstyr som kjem klubbane til gode:
 - Skikrinsen gjer innkjøp av utstyr som klubbane kan låne (ski, rulleski, hoppski, orgeltramp, hopp)



- Skikrinsen kjøper inn utstyrspakkar til bruk i rekrutteringsarrangement (eks. Skisprell). Når arrangementet er gjennomført vert utstyrspakken gjeven til arrangørklubb.
- Utstyr som skiklubbutviklar kan ta med rundt i klubbar

SAK 30 23-25

Rekruttering

Bakgrunn

I høve innspeil frå haustmøte til langrennskomiteen og bruk av skiklubbutviklar drøfta komiteen vidare arbeid med rekruttering i Skikrinsen på følgjande punkt:

- Klubbesøk
- Arrangement
- Breiddesamlingar
- Kommunikasjon

VEDTAK

Langrennskomiteen tek innspeila frå Haustmøtet til orientering og gjer vidare vedtak om å knytte innspeila til handlingsplanen i høve det som vart drøfta i møtet. Til punkt som angår idrettslag vert det laga til ei oppsummering og sendt til laga per e-post.

Adm. følgjer opp aktuelle punkt med Eline og Reidun.
Oppsummering av punkta blir lagt fram i neste LK-møte.

EVENTUELTT

Neste møte i LK: veke 49, Tysdag 5. desember digitalt møte kl. 20:00, med etterhald om gjennomført møte med smøreteam.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef